

EG GJEKK UPP KARL JOHAN

Det er mange måtar å koma til Oslo på. Frå Kjøde til dømes er det lite um det å rangle ut åt Selje og taka snøggbåten til Bergen. Derifrå går det dagleg fleire tog til Oslo, og sams for dei alle er at dei stanar på Voss. Til Voss kom det fyrste vanlege toget i 1883, og i 1909 vart sjølvje Bergensbanen opna frå Bergen til Oslo. Då hadde Brynjulf Larsson Bergslien vore død i elleve år. Men Bergslien kom seg ut i verdi lell og vart ein namngjeten bilæthoggar, og han laga Karl Johan-monumentet framma Slottet i Oslo, og det vart avduka i 1875.

På ferdi mi hadde eg gledd meg til å koma til Oslo, og eg tykte det var harmeleg at Bergenstoget stana inne i byen på Skøyen til ingi nytte, konduktøren bad oss halde dørene attlatne. Her var det inkje mykje som gjekk fyre seg, eg sat attmed eit halvgamalt velstrigla kvende som hekla, talde moskor og merkte av på mynsteret med ein kulepenn.

Endeleg rykte det i toget, og eg ok til endes, til Sentralstasjonen og kom ut på Jernbanetorget der Karl Johans gate tok til, ho som endar uppe ved ryttaarstatuen av kong Karl Johan som Brynjulf Bergslien hadde laga.

Nedst på Karl Johan var det ikkje mykje som vekte åtgauum. Eg snuste inn vêret. Lufti var kjøleg og rein, det var tidleg vår og skya, og det hadde regna um natti. Unge gjentor på platåskor millom alt folket. For ein som stødt har vore nøydd til

å fylgje med på rørslor, um so berre på hestar, var det forvitneleg å sjå korleis dei tok seg fram. Ut og inn or Arkaden urde menneskjekryp som maur ut og inn or tuva, men der inne var det visst ingenting å sjå, berre eit vanleg kræmartun. Ikring meg gjekk livet snøggast råd var med stengde andlet. Eg vart sjølvuppteken av å gå slik blett åleine med fullt av folk på alle kantar, og eg kjende at eg laut lata vatnet. Difor svinga eg til høgre og inn på toalettet i Kirkeristen. Vatnet kunde karfolket lata kostnadsfritt, skjøna eg, men å løyse broki kravde pengar: *TOALETTBESØK KR 5,- BRUK RINGEKLOKKEN*, stod det på ein plakat i ei glasrute og med ei pil mot ringjeklukka. Plakaten var gjord for hand med raud og grøn tusj og minte meg so grant um dei plakatane mine eigne born stelte til fyre jolerefestar og skuleavslutningar. Ei menneskjeleg hand helste also til meg gjennom glasruta, og eg fekk brått brennande hug til å sjå andletet attåt denne handi, um det var ope og velviljgt og forsvarslaut liksom handi og ulikt alle andre andlet som sveiv framum. Men når eg kjende etter hadde eg ikkje bruk for å vera åleine, og eg tok meg sjølv i nakkjen og gjekk ut på gata att.

Litevetta fyre Kirkegata kom inn på Karl Johan fekk eg auga på Christian 4. på sokkelen sin til høgre inne på Stortorget. Han såg ut til å gjera eit romsleg overslag på både levande og dautt framfyre seg, inkje noko var for stort og inkje noko var for smått, gjera born og grunnleggje byar, ein slags flott næringslivskonge, krigarkongen var ikkje til stades i denne statuen. Eg visste at Christian 4. var hovudverket åt bilæthoggaren Carl Ludvig Jacobsen, og likevel la eg ikkje vegen um Stortorget, for rytтарstatuen av Karl Johan framma Slottet låg og drog i hugen min, og nett i krossen ved Kirkegata øygna eg Slottet. Då eg kom til Kongens gate såg eg Slottet, og ved Nedre Slottsgate steig det fullgodt fram der langt uppe.

Eg var på ein bakkekamb no, som gav utsyn, og det bar utfor, og eg fekk løvone framfyrre Stortinget på vinstre hand og Christian Krogh sitjande i stein til høgre. Mot løvor i norsk folkekunst vart stortingsløvone for støle og tannlause, men det var morosamt å sjå Christian Krogh. Han var nett slik eg hadde tenkt meg at han skulde vera, ein tung matglad kar med vakne opne andletsdrag, so ulik dei som no hasta framum, såg eg, og sterk nok til å taka dei utestengde innåt seg i tekst og bilæte. Born og vaksne i *Kampen for tilværelsen* og *Albertine* i lag med dei drevne prostituerte på venteromet hjå politilækjaren, men òg trygg småårsrikdom kom eg i hug av Christian Krogh med den gamle kona på Skagen som skjer av det store brødet.

Karl Johans gate opna seg åt Studenterlunden. Eg tykte at ein elg med åtte takkar i horni var for lett i skrotten. Eg er ikkje jeger, men eg har sett hesten kaste seg i selen med ein skoten elg på lasset, og det endå vombi var or, og eg har vore nomen i okslene og stiv i knei av kjøtbører i ulende. Denne elgen i Studenterlunden vanta eit uttrykk for tyngdi, tykte eg, og hadde for mykje av det lette tråvet i seg når elgen fer over mo og myr.

Tvo barnegrupper på kanten av den dammen dei kallar Spikersuppa. Vakre og vellukka born, såg eg. Dei hadde ein dåm av den fyrste etterkrigstidi kring seg. Då trudde me på reklamen. Då trudde me på at pengar og framsteg skulde gjeva oss lukkelandet når berre alle fekk sin del. Det var i alle fall mange som trudde at dersom me berre fylgde på i den store hopen, vilde alt vondt kverve, og me vilde verta vakre og eta servelat på kakeskiva til kvardags. Me hadde ikkje vilja trudd på auke i tal sjølv mord og fleire ungdomar med sinnslidingar. Det vart til slutt med uvilje eg såg på dei tidsrette borni. Skulde ynskt, tenkte eg, at der hadde siti nokre trivelege eigenrådige hardhuda smådjevlar, dei hadde nok vore betre rusta til å møte

framtid og styre dagen i dag. Det var godt å kunne snu seg mot Henrik Wergeland og det høgreiste himmelsynet hans. Trass alt laut det vera meire to i draumane til Wergeland enn i partiprogrammet til Arbeiderpartiet frå 1957 då Gerhardsen var statsminister: "Atomkraften ... automatiseringen ... uante muligheter til å øke vår velstand."

I ei glippe i bilstraumen kom eg meg over Karl Johan frå Studentertunden til Universitetsplassen. Der stod bilætstytter av Anton Martin Schweigaard (1808-1870) til vinstre og Peter Andreas Munch (1810-1863) til høgre, attknytte embetsmenn og samfunnsbyggjarar, rettskafne og trufaste mot landet og sin eigen stand. Til dagleg vart deim nok her inkje mykje åtgaum til del, men det var bisneleg å sjå korleis Stinius Fredriksen med Munch hadde råkt same tonen som J.O. Middelthun med Schweigaard mange år tidlegare.

So var det same spranget attende for å nærme seg skodespe- larinna Johanne Dybwad, men eg vart vonbrotten. Kunstnaren Per Ung hadde attskapt ein personlegdom, men kvar bandi til teateret låg, det såg eg ikkje. No ruva Nationaltheatret tett ved Johanne Dybwad, so kanskje såg andre det eg ikkje fekk auga på. Men der inne hadde eg aldri hatt høve til å setja min fot og gjera meg kjent. Det slo meg at det var noko visst heimfødingsvore ved Per Ung, som stod for eit monument som hadde lite å gjeva den langreiste framande ferdamannen.

Ho hadde spelt i fyrstegongsframsyningane til Ibsen og Bjørnson, Johanne Dybwad, det hadde eg lese meg til. Og baa karane stod framma teaterbygnaden. Henrik Ibsen, ein surmaga besteborgar og Bjørnstjerne Bjørnson ein stortalande landsens skulemeister, og baa var sette på noko som i våre dagar likna fire traktordekk oppå kvarandre. Endå ein gong vart eg vonbrotten. Kanhende vitna monumenti um kvardagen for desse

storkultane i norsk bokheim, men lite um rikdomen i diktingi deira, og eg gjekk ut or storbyvarmen den stutte vegen upp på Abelhaugen og sette meg til med nistepakka og kaffiflaska, for det var ved dugurdsleite.

Dei gamle store ålvorsame trei stod nakne og svarte og blenkte av væte kring meg, eit grønskjer fanst i dei yngre, og tett innmed benken eg sat på blømde ein prydbusk ljust og vent, gule og blåe blomar i svarte blomesengjer, larmen frå byen steig upp mot tunge gråe skyer, og avdi eg no var heilt åleine, kom eg på at Holberg-monumentet i Studenterylunden var burte. Dei grov visst der. Eg hadde venta å møte Holberg når eg gjekk upp Karl Johan, kom eg på, han skulde syne meg Henrik og Pernille. Dyre Vaa hadde fenge Holberg til å fortelja um korleis diktingi hans levde. Det var eit storverk som eg gjerne skulde hatt med meg.

Fornøgd og mett drog eg vidare mot Slottplassen. På ein høg fot steig det unge flogvitet Niels Henrik Abel som eit gudemenneskje mot dei store høgdene og trødde vanskane under fot. Vanskane var i menneskjeham, og eg likte ikkje det eg såg. Venteleg var det urettvist mot Abel, men det minte meg for mykje um trui på overmenneskjet, um den sterke sin rett til å kuve andre for å nå målet. Eg laut halde fast ved, sa eg ved meg sjølv, at her var det Gustav Vigeland som hadde skapt Abel i sitt bilæte. Niels Henrik Abel hadde sjølv levd sitt stutte liv lengje fyre Vigeland vart fødd. Og det gjorde meg uroleg at Vigeland hadde vore i lære hjå Brynjulf Bergslien. For no skrådde eg upp grøne bakkar og kom på vegen straks neda rytstarstatuen av Karl Johan, og medan eg stega på gjekk eg endå ein gong gjennom ei ferd eg gjorde til kongens Kjøbenhavn for mange år sidan.

Eg hadde stande på Amalienborg Slotsplads og skoda Jacques Francois-Joseph Salys rytтарstatue av Frderik 5. Og det var som det no i bringa mi då eg vart vare at dei skorner eg såg under hesten åt Frederik 5. berre hadde hakar og ikkje grev. Skorner vart for høge bakantil og for låge i tåi. Fotstillingi på ein godt vaksen hest vart skipla på det viset. Soleis vilde aldri ein norsk smed ha skodd hesten åt kongen.

Eg var ikring heile Kjøpenhamn og såg på rytтарstatuar, og alle hadde hakar og ingen hadde grev, på bisp Absalon nær, som reid ein berrføtt hest på Højbro Plads. Til eg atter stod rådvill framma Amalienborg, og nett i det same vart det køyrt fram ei firehjuls vogn dregen av tvo brune halvblodshestar og med tvo kuskar på bukken i raude jakkor og svarte hattar og tæpen over knei. Eg krøkte meg ned på brusteinane og trudde mest ikkje mine eigne augo. Hakane var bytte ut med diamantbroddar, det var so, men framme i tåi var kvar einaste sko slett!

I kvast tråv drog vogni unda upp Frederiksgate, og eg etter det beste eg vann i fullt firsprang, og ved Marmorkirken nådde eg henne att. Og dei skjønnte radt kva eg meinte. Heller ikkje var dei usamde i meiningane mine. Men soleis kunde hestane verta skodde i Danmark og rundt ikring i Europa, det dei visste.

Og no var eg uppe ved Brynjulf Bergsliens rytтарstatue av Karl Johan. Soli fann vegen ned millom skyhaugane og lyfta det store slottet lett og luftigt framfyre meg. Ei hettemåke skeit i skallen på Karl Johan og ordna fjørene sine umsyteleg der uppe. Stundi var utan brest og lyte. Kongen sat stødigt på hingsten med stongbet og hjulsporar. Ingenting hadde Bergslien gløymt av det som hørde heime på ein kongeleg rytтарstatue. Med vinstre framfoten stega gangaren kraftigt ut, og eg kika etter. Og hunden rugge meg hadde ikkje skoen både hakar og grev nett som ein smed på Voss skulde ha smidd han.

Eg hadde so sant ikkje turvt vera uroleg for Brynjulf Bergslien. Han hadde stande i den europeiske tradisjonen, og samstundes tort å vera norsk. Og det vêra upp. Mot blåe himmelen såg eg den same hettemåka eller var det ei onnor ei som skeit i hovudet på kongen, og eg las på eine sokkelsida: *“FOLKETS KJÆRLIGHED MIN BELØNNING”*. Endå ein gong var stundi utan brest og lyte. I ei solvarm kule hekk eg under himmelkvelven.